

FAU møte 2 2015/16

22.10.2015

Sak 1: Fotograf

Skal vi ha fotografering på skulen i år? For 1. 4. og 7. klasse. Det har vore tradisjon å gjere det på skulen, så vi gjer det i år også.

Sak 2: Info loddosal

Kakelotteri, 16 stk kvit dame.

Skal hentast på Rema 1000 laurdag 07.11.15. Berit og Ida ordnar trekning.

Bør koordinerast med skulen og eit evt sal for Forut dei kommande åra slik at ikkje alt sal kjem på ein gong!

Sak 3: Leksefri skule / aktivitetstime

Kunnskapsministeren «Opp til kvar skule om dei vil ha lekser eller ikkje».

Facebookside for foreldre som er mot lekser.

Kor mykje positivt fører leksene med seg i forhold til frustrasjonar.

Kan evt ha leselekse og øving til testar heime.

Lufte synspunkt til foreldra i kvar klasse.

FAU ynskjer at leksene er tilpassa kvar elev og at mengda reduserast til fordel for kvalitet. Vi vil også ha meir variasjon i leksene. FAU jobbar vidare med saka.

Sak 4: Fokus mobbing

Meld tilbake kvar gong det skjer episodar. FAU jobbar vidare med saka

Sak 5: Skulereglement, høyring

FAU saknar teikningar slik at alle forstår innhaldet uansett alder.

Medlemmane les gjennom reglementet slik det føreligg til neste gong.

Sak 6: Planleggje filmkveld

Kinokvelden vert torsdag 29.oktober klokka 18.30 i gymsalen. FAU representantane møter 17.30 for rigging av utstyr, plassering av stolar og klargjering av mat. Berit står for innkjøp av eingongskoppar (store og små), saft, serviettar og popcorn. Klassekontaktane skaffar 25 pizzabollar eller liknande per klasse. Vi treng ein ekstra popcornmaskin. Kan nokon låna oss det?

Sak 7: Anna

SU møte: Berit refererte kort frå sist SU-møte. Sjå referat frå møtet for utfyllande informasjon.

Informasjon til heimane: Foreldra saknar meir informasjon om det som skjer på skulen, og at denne informasjonen kjem tidleg nok. T.d. om matstova, vikingfest, utflukter, tidspunkter

Facebookside: Ida opprettar side som kan brukast til informasjon mellom foreldra og skule-foreldra.

Aktivitetstime: FAU oppmodar til meir aktivitet i skulen, og at faga vert meir praktisk retta.

Ref. Anniken O. Sylta